



## Time relatert til situasjonen i Ukraina og flyktingar til Noreg

### 8.-10. trinn

Her kjem ulike forslag du kan bruke til å sette saman ein time. De kan gjere alle delane saman i klassa, eller du kan dele det opp som ulike stasjonar i klasserommet der elevane jobbar i grupper.

#### 1. Start gjerne med å sjå denne: [Jon Batiste - FREEDOM - YouTube](#)

La elevane snakke saman:

- Har krigen i Ukraina endra tankane dine om det å leve i friheit? Korleis?
- #### 2. Dersom vi opplever at krigen gjer noko med oss – kva kan vi gjere for å handtere denne situasjonen i kvardagen?
- La elevane snakke med kvarandre om korleis dei skjermar seg frå for mykje informasjon frå Ukraina på ulike media
  - Minn om desse øvingane som kan hjelpe dersom ein kjenner på mykje uro. Gjer gjerne ein av dei saman i klassa: [Roe ned panikk - YouTube](#) eller [Kroppsskanning - YouTube](#)

#### 3. Kva nyhende kan vi stole på?

Bruk opplegget [Hva skjer i Ukraina? | Tenk \(faktisk.no\)](#)

#### 4. Korleis kan det ha vore å flykte hit?

Sjå punkt 3 av [Lindmo – 11. mars – NRK TV](#) der to ungdomar som har kome frå Ukraina til Noreg fortel om det dei har opplevd.

La elevane snakke med kvarandre etterpå. Korleis kan det vere for ein ungdom frå Ukraina å kome hit til oss? Kva følelsar tenker vi at dei har mykje av i ein slik situasjon? Kva er likt i det dei møter her og det dei hadde heime? Kva er annleis? Kva treng dei å møte her hos oss?

#### 5. Lag ein språkuavhengig introduksjonsfilm til skolen din (eventuelt engelsk)

Tenk deg at det er du som skal starte på skolen din og ikkje kan norsk. Du er heilt ny og har lyst å passe inn så godt du kan. Kva hadde det vore fint å få vite i ein kort tutorial / bruksanvisning? Bruk gjerne humor!

#### 6. Eventuelt lag korte filmar som introduserer viktige norske ord som kan vere fint å lære fort.

Korleis ville du gjerne hatt ein slik film om det var du som kom til eit anna land og skulle lære språket fort?

#### 7. Kva treng ungdomane som kjem hit å møte?

- Kva har vi felles?
- Kva er ikkje språkavhengig?
- Kva ville du likt at dine nye medelevar gjorde om du kom ny?

8. Elevane kan også spele dette spelet for å øve på korleis dei kan hjelpe venner som slit med ulike psykiske utfordringar: [Unity WebGL Player | Hjelpemånda \(attensi.com\)](#)

9. Avslutt eventuelt med å sjå denne [Imagine \(UNICEF: World Version\) - YouTube](#)